

Møtebok

frå

utdanningsutvalet

Møtestad: AR T-403 styrerommet

Tid: 10.11.2021 kl. 09:00

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Marit Alstveit
Astrid Birgitte Eggen
Elisabeth Enoksen
Rune Giske
Mohammed Abdullah Hassan
Anne Helliesen
Sukina Khan
Sanja Mrksic Kovacevic
Brita Strand Rangnes
Martin Solheim
Magne Olav Sydnes

Fylgjande medlemmer meldte forfall:

Hallgeir Bø
Aslaug Mikkelsen
Leith Symington
Vivi Vo

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Marita Helleland (UU-sakene)

Fylgjande observatørar møtte:

Frode Leidland
Gitte Kolstrup

Frå administrasjonen møtte:

Veslemøy Hagen, Eilef J. Gard, Stig Selmer-Anderssen, Marianne Simonsen og Bjarte Hoem.

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 34/21	Godkjenning av innkalling		19/07149-51
UU 35/21	Møtebok UU og KU 22.09.21		19/07149-52
UU 36/21	Endringer i forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger		19/09316-20
UU 37/21	Utfyllende regler for opptak til masterstudier og videreutdanninger 2022		17/06509-18
UU 38/21	Fastsetting av krav til karakternivå og omregningsskala for søker med utenlandsk utdanning		17/06509-17
UU 39/21	Endring i forskrift om egenbetaling		21/04343-6
UU 40/21	Begrunnelse for karaktersetting		17/07937-9
UU 41/21	Kravet om to sensorer i universitets- og høyskoleloven § 3-9		21/07536-2
UU 42/21	Kvalitet i studieprogram - periodisk evaluering og reakkreditering av gradsprogram		20/10148-12
UU 43/21	Plan for utdanningsutvalet sitt arbeid i 2022		19/07149-50
UU 44/21	Orientering om søknader til Nokut, profesjonsutdanning i psykologi og master i rettsvitenskap		21/01274-13
UU 45/21	Rapportering om EVU-aktivitet		19/05297-3

UU 34/21 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjend.

UU 35/21 Møtebok UU og KU 22.09.21

Vedtak:

Møtebok 22.09.2021 er godkjend.

UU 36/21 Endringar i forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger

Utdanningsdirektøren innleia. Det er mindre endringar i forskrifta. Forskrifta skal fastsetjast av styret.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tilrår endringane i Forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger.

UU 37/21 Utfyllende reglar for opptak til masterstudier og vidareutdanningar 2022

Utdanningsdirektøren innleia. Der er nye masterprogram som treng utfyllande reglar, og det er trong for justeringar i reglane til eksisterande program. Reglane skal godkjennast av utvalet.

Representant for studieadministrativ tilsette ga ros til grundig saksførebuing og god dialog med opptakskontoret.

Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjener dei framlagde endringane i utfyllande reglar for opptak til masterstudier og vidareutdanningar.

UU 38/21 Fastsetting av krav til karakternivå og omrekningsskala for søkerar med utanlandsk utdanning

Utdanningsdirektøren innleia. Det vert lagt til nye krav etter som det viser seg å vera aktuelt. Ein arbeidar med dette kontinuerleg for å unngå skjønnsmessig vurdering for framtidige søknader frå dei landa som etter kvart vert tekne inn i reglane.

På spørsmål frå utvalet svara leiar for seksjon for opptak og veiledning at der ulike reglar for opptak til masterstudier ved dei ulike institusjonane, men ikkje for bachelorstudier.

Vedtak:

1. Utdanningsutvalet fastset fylgjande karakterkrav for søkerar frå Bangladesh:
 - Bachelor's degrees from Bangladesh: 3,0 or 4,0 or higher / 65% or higher
2. Utdanningsutvalet sluttar seg til utdanningsdirektøren sitt framlegg og fastset dei føreslegne omrekningsskalaene for Filippinene og Ukraina.

UU 39/21 Endring i forskrift om eigenbetaling

Utdanningsdirektøren innleia. Endringa gjeld studentar som har arbeidserfaring og som betalar for studiet. Det gjeld ikkje for ordinære gradsstudentar. Den nye forskrifta opnar for gjenbruk av undervisingsmateriale (emne).

Me treng betre kontroll over aktiviteten på etter- og vidareutdanningar.

Utdansleiar la til at i staden for å laga ei eiga forskrift som ville vorte svært kort, er det vedteke å leggja endringa inn i delegasjonsreglementet. Den nye regelen gir oss større handlingsrom for å samhandla mellom studier som er finansierte over ordinær bevilling og studier som er finansierte på annan måte (eksternt finansierte). Dette er eit ledd i å fleksibilisera utdanningane.

Endringa vil verta fastsett av styret i løpet av våren, men forskrifa gjeld frå 01.01.22. Difor må det lagast pragmatiske løysingar.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

UU 40/21 Grunngjeving for karaktersetting

Utdanningsdirektøren innleia. Studentrepresentantar har bedt om betre retningsliner for grunngjeving av karakter. Utdanningsdirektøren har undersøkt praksis i fakulteta. Fakulteta og utdanningane er ulike, difor har ein ikkje funne det tenleg å laga felles reglar for grunngjeving. I staden er der framlegg om å standardisera melding til sensorar.

Utdansleiar la til at saka kom frå styret, og skal tilbake til styret.

Det vart uttrykt ynskje om at ein slik standardtekst vert førelagd utdanningsutvalet.

Utdansleiar føreslo at forslag til ein tekst vert sendt til utvalsmedlemene.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka om grunngjeving for karaktersetting til orientering og tilrår styret å gjera følgjande vedtak:

1. Styret tek saka om grunngjeving for karaktersetting til orientering.
2. Styret ber om at nettsidene vert oppdaterte og at det vert utarbeidd ny standardtekst.

UU 41/21 Kravet om to sensorar i universitets- og høyskolelova § 3-9

Utdansleiar innleia. Saka har skapt stort engasjement i sektoren. Den har vore diskutert i leiarmøte og med fakulteta. UHR si utdanningseining skal diskutera dette og koma med ei tilråding. UiS har valt å forstå «del av utdanningen» som emne. Det vil seia at den eine sensoren kan ha tilknyting til emnet, den andre skal ikkje ha tilknyting til dette emnet. Fakultetet kan velja å bruka sensor frå same programmet, frå eigen institusjon eller frå andre institusjonar.

Det var innspel og spørsmål frå utvalet om tydeleggjering av rolla til medsensor og kven som skal ha det avgjerande ordet. Det vart helde fram at når medsensor kan ha tilknyting til andre deler av programmet, kan dei ha kjennskap til studentane dei sensurerar eksamen til. Der var også ein kommentar om tidsbruk og honorar.

Utdansleiar svara at det står det ikkje noko i lova om rolla til medsensor og korleis tilknyting til programmet skal tolkast. Ein ynskjer å gje fakulteta mest mogeleg fleksibilitet. Ein ynskjer heller ikkje å normera arbeidsoppgåver. Det vil i så fall vera ei HR-sak.

Utvalet diskuterte vidare kva konsekvensar innføring om to sensorar kan ha på eksamensformene. Kan det føra til flytting av ressurser frå undervising til eksamen? Uttdansleiar konkluderte med at ho vil fylgja med på endringar i eksamensformer.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 42/21 Kvalitet i studieprogram - periodisk evaluering og reakkreditering av gradsprogram

Utvalsleiar innleia. Dette gjeld årets vurderingar. Nokre fakultet er alt ferdige med sine evalueringar. I denne saka ligg det føre rapportar frå tre program frå SV og eitt frå HH. Samla er administrasjonen si vurdering at det er godt gjennomarbeidde evalueringar. Alle programma er handsama i fakultetsstyra og utdanningsdirektøren føreslår reakkreditering.

Utvalsleiar gjekk gjennom program for program.

Bachelor i fjernsyns- og multimedieproduksjon

Komiteen har viktige kommentarar, m.a. om utdanningsfagleg kompetanse. I fylge fakultetet skal dei «leggja til rette» for at tilsette skal ta basiskurset. Det er eit krav om at alle skal ha dette. Dersom der framleis er undervisarar som ikkje har kurset, må me sjå på det.

Master i endringsleiing

Utbettingsområde her er læringsutbyteskildringar og arbeidslivsrelevans.

Erasmus Mundus in Social Work with Families and Children

Kommentarane her går ikkje så sentralt inn i programmet.

EMBA

Her er der fleire ting som må arbeidast med, m.a. emneplanane, læringsutbyte i høve til NKR og internasjonaliseringssordningar.

Det vert ikkje kravd at fakulteta skal rapportera tilbake. Ein ventar at fakulteta arbeidar med tilrådingane frå rapportane.

Utdanningsdirektøren la til at utdanningsutvalet har tidlegare akkreditert program som har hatt utbettingspunkt, t.d. om internasjonalisering. Ho vurderar nå ha ei ordning for tilbakemelding på tilhøve som vert påpeika i akkrediteringssaker.

Der var eit spørsmål om der er krav om internasjonal utveksling i erfaringsbasert master.

Leiar for internasjonal seksjon svara at der ikkje er unnatak for erfaringsbasert, men ein kan nyttja eksisterande avtalar som studentane skal kunna reisa ut på.

Vedtak:

1. På grunnlag av dei sakkunnige rapportane og dekanane sine tilrådingar reakkrediterer utdanningsutvalet følgande gradsprogram:

- Fjernsyns- og multimedieproduksjon, bachelor
 - Endringsleiing, master
 - Erasmus Mundus in Social Work with Families and Children, master
 - Executive MBA, erfaringsbasert master
2. Utvalet bed fakulteta sjå til at komitéane sine tilrådingar blir følgd opp.
3. Utvalet takkar komitéane for godt utførd arbeid.
4. Utvalet minner om at dekanane må sjå til at det blir gjennomført evaluering av årsstudium, EVU-studium og andre kortare studium, når desse ikkje blir evaluert som del av eit gradsstudium.

UU 43/21 Plan for utdanningsutvalet sitt arbeid i 2022

Utvalsleiar innleia. Dette er ei diskusjonssak. Mandatet for utvalet er ei innramming av utvalet sine oppgåver. I tillegg går me kvart år opp serlege oppgåver som utvalet vil ha merksemd på komande år. Dei siste åra har me hatt serleg merksemd mot kvalitetsutviklande verkemiddel. I neste møte vil utvalet få ei orienteringssak om søknader til utdanningsutvikling.

Utvaleta føreslo saksområde som dei meinte bør vera med i planen i tillegg til dei som er førde opp:

- EVU. Omfang, innhald og styring.
- Studentmobilitet, inn- og utreisande studentar. Korleis utreisande studentar vert brukte når dei kjem heim igjen.
- Digitale og tekniske ressurser. Dette kan enten vera i UU eller LU sin plan.

Vedtak:

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2021. Framlegget kan verta justert som fylgje av universitetsstyret si handsaming av budsjett for 2021. Planen vil verta lagt fram for utvalet i møte 16. februar 2022 for endeleg fastsetjing.

UU 44/21 Orientering om søknader til Nokut, profesjonsutdanning i psykologi og master i rettsvitenskap

Utvalseiar innleia. Stortinget vedtok gjennom handsaming av styringsmelinga våren 2021 at graden til master i rettsvitenskap og cand psychol kan tildelast fleire institusjonar enn dei som har gradsrett i dag. Føresetnaden er akkreditering frå Nokut. UiS har søkt om akkreditering av master i rettsvitenskap og profesjonsstudium i psykologi. Utvalsleiaren rosa fakulteta for stort og godt arbeid.

Handelshøgskolen ynskjer oppstart hausten 2022. Dei kan bruka studieplasser frå master i forretningsjus, som skal fasast ut når rettsvitenskap startar opp. For psykologi er det tidlegast 2023.

Andre institusjonar har også søkt. Det vil ikkje vera konkurranse om studieplasser i rettsvitenskap. For psykologi vil det vera eit spørsmål om kva institusjon som får det.

Det vil vera eitt opptak i året for psykologi, med 48 studieplasser. Der skal også vera ein internklinik. Difor er dette eit kostnadskrevjande studietilbod. Saka vert lagd fram for etablering i styret med føresetnad om akkreditering og for psykologi, også om finansiering.

Vedtak:

Utdanningsutvalet takkar for orienteringa og imøteser svar på søknadene.

UU 45/21 Rapportering om EVU-aktivitet

Utvalseiar innleia. UiS har ei EVU-eining, som organiserar ein stor del av EVU-aktiviteten. I tillegg har fakulteta sine eigne EVU-tilbod. Det er trong for å laga betre oversyn over dette. Nå skal me laga ein plan for korleis me skal gå vidare med dette. Utdanningsavdelinga må ta initiativ til korleis innrapporteringa skal føregå. Dette handlar om livslang læring som er skrive inn i uh-lova.

Prodekan for utdanning ved fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora la til at det har vore problematisk også for fakultetet at dei manglar dette oversynet. Dei skal laga ei rapporteringsordning som vil gi eit oversyn årleg. Det skal også hjelpe fakultetet til å tenkja strategisk på EVU-verksemda.

Utvalseiar svara at der truleg er trong for litt ulike måtar å gjera dette på dei ulike fakulteta. Kvalitetsarbeidet skal innehalda også EVU-tilboda. Det er berre eksternt finansierte som kjem inn under EVU. Men UiS har også eksternt finansierte studietilbod som ikkje kjem inn under EVU, som t.d. bachelorstudiet i tollfag.

Vedtak:

Utvale tek sak til orientering.

UU 46/21 Eventuelt

Nestleiar for utdanning i StOr føreslo at utdanningsutvalet lagar retningsliner for bruk av stolpetimen. Grunnen er at stolpetimen i større og større grad vert brukt til undervising.

Utdanningsdirektøren legg fram ei sak til neste møte, basert på eit førehandsarbeid som StOr har gjort.

Vedtak:

Utdanningsutvalet ber om at saka vert utgreia og lagt fram i møtet 16. februar.

Felles møte utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet

Kl 12.00 – 13.00

KU 19/21 Informasjon fra prorektor

Informasjon fra prorektor er en fast sak der prorektor for utdanning informerer om aktuelle forhold og tema som angår kvaliteten i utdanningene og læringsmiljøet. Det sentrale moment i foreliggende sak, var innstillingen fra NOKUT sin sakkyndige komité for tilsyn med kvalitetsarbeidet ved Universitetet i Stavanger, som universitetet mottok dagen før. Styret i NOKUT behandler komitéens innstilling på sitt møte 16. desember 2021. Komiteens konklusjon er: «Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Universitetet i Stavanger er tilfredsstillende: Alle krav i universitets- og høyskoleloven §§ 1-6 og 4-3 (4), studiekvalitetsforskriften § 2-1 (2) og studietilsynsforskriften § 4-1 er oppfylt. De sakkyndige har tillit til at institusjonens systematiske kvalitetsarbeid sikrer og videreutvikler utdanningskvaliteten».

Utvalgene delte prorektores tilfredshet med denne konklusjonen, men prorektores minnet om at endelig vedtak ikke foreligger før styret i NOKUT har behandlet innstillingen på sitt møte 16. desember. Prorektores trakk også fram at innstillingen også omfattet råd til institusjonen om hvordan utdanningskvaliteten kan bli enda bedre. Dette er gode råd, og flere av dem angår både utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget. Disse bør utvalgene ta inn i sine planer for 2022.

Komiteens innstilling følger referatet som vedlegg.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering

KU 20/21 Welcome! Student starter kit

«Welcome! Student starter kit» er et internasjonalt Erasmus+ strategisk partnerskapsprosjekt som ledes av Universitetet i Stavanger. Rune Sørdsdal og Mari Mæland fra Studentsamskipnaden i Stavanger presenterte prosjektet for utvalgene. Prosjektet utarbeider en nettbasert ressurspakke for nye studenter. Denne skal gjøre studentene bedre forberedt på studenthverdagen og bidra til at flere studenter gjennomfører sine studier. Prosjektet har brukt spørreundersøkelser for å finne ut skal hva studentene våre synes er utfordrende i møte med et universitet. Ved UiS svarte mer enn 1800 studenter, og prosjektet fikk gode svar på hva studentene synes er utfordrende i møte med et universitet.

Arbeidet med ressurspakken er i full gang. Det vil inngå filmsnutter i ressurspakken, og Screen Story vil gjøre opptakene til de to første filmsnuttene 9./10. desember. Det vil være viktig at de kommende studentene lett kan finne fram til disse ressursene før studiestart og før de kommer på campus, slik at dette ikke drukner i all den andre informasjonen de må sette seg inn i ved studiestart.

Maris og Runes presentasjonen følger referatet som vedlegg.

Vedtak:

Utvalgene takker for presentasjonen, og tar saken til orientering.

KU 21/21 Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021–2025

Prorektor presenterte den nasjonale strategien for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021–2025, som fulgte saken som vedlegg. Hele strategien er interessant, men kanskje mest interessant der den definerer begrepene *fysisk, heldigital, blandet, og hybrid undervisning* på side 9 og begrepene *grunnleggende, spesialisert, yrkestilpasset, og utdanningsfaglig digital kompetanse* på side 15. Ved UiS vil vi benytte disse begrepene i akkurat disse betydningene, så det er viktig at utvalgsmedlemmene oppfordrer til dette i organisasjonen. UiS nedsetter en arbeidsgruppe (jmf mandatet som fulgte saken) som grunnleggende skal ta seg av to ting:

- Finne fram til kunnskapsområdene
- Ivareta oppdraget fra styret samt erfaringene fra korona-pandemien

I behandlingen av saken kom det fram at det kan være viktig å skille mellom den utdanningsfaglige digitale kompetansen hos dem som underviser i høyere utdanning (som er det som inngår i denne saken), og den digitale kompetansen som inngår i kvalifikasjonene til den enkelte utdanning.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering, og vil i sitt videre arbeid følge universitetets arbeid med digital omstilling med høy interesse.

KU 22/21 StOr orienterer

Studentorganisasjonens (StOrs) orientering til utvalgene er en fast fellessak der StOr orienterer om aktiviteter og arbeid med utdanning og læringsmiljø, og andre aktiviteter og forhold som kan være av interesse for de to utvalgene. Orienteringen 10.11.2021 var en rent muntlig orientering ved StOr-leder og utvalgsmedlem Eira Aas Eide.

Vedtak:

Utvalgene takker studentorganisasjonen for orienteringer og innspill, og tar disse til orientering.

KU 23/21 Studentombudet orienterer

Studentombudets orientering til utvalgene er en fast fellessak for de to utvalgene. På møtet 10.11.2021 orienterte studentombudet om følgende:

- Den nasjonale studentombudsamlingen som ble gjennomført 20.10.-22.10.2021.
- Det er et nasjonalt trekk at samhold og trivsel har svært mye å si for studentene ved alle institusjonene.
- Universitetenes aktivitetsplikt knyttet til tilrettelegging er et vanskelig område. Det følger av aktivitetsplikten at institusjonene aktivt skal kartlegge om studentene har behov for tilrettelegging. Dette følges opp i varierende grad ved institusjonene, og fremkommer heller ikke som et institusjonsansvar i utdanningsplanen eller vår bestemmelse om utdanningsplan i lokal forskrift.
- En konsekvens er at utdanningsplanen først og fremst beskriver pliktene og ansvaret (og noen av rettighetene) studentene har, men beskriver i liten grad institusjonens ansvar og plikter.
- Felles klagenemnd er en nasjonal instans som er ankeinstans som studentene kan benytte når de ikke får medhold i lokal klagenemnd.
- Vi ser en økning i antall fuskesaker, og i sanksjonering, så det er blitt viktigere enn tidligere å snakke om fusk. Universitets- og høyskoleloven definerer ikke fusk. Det er opp til det enkelte institusjon å definere dette i egne forskrifter. UiS bør se mer på hva vi definerer som fusk, og hva vi materielt legger i bestemmelsen om fusk. UiS må legge bedre til rette for at studenten lett skal forstå innholdet og konsekvensene av fuskreglene ved UiS.

Studentombudets presentasjon av saker til felles klagenemnd og utviklingen av fuskesaker følger referatet som vedlegg.

Vedtak:

Utvalgene takker studentombudet for orienteringer og innspill, og tar disse til orientering.

KU 24/21 Utdanningsdirektøren orienterer

Utdanningsdirektørens orientering til utvalgene er en fast fellessak for utvalgene. Saken vil normalt omfatte skriftlige vedlegg i tillegg til utdanningsdirektørens muntlige orientering. Utdanningsdirektørens orientering omfattet korte muntlige orienteringer om orienteringspunktene der det forelå skriftlige vedlegg:

- KU 24/21-1 Kvalitet i studieprogram: Forsinket sensur, kontinuasjonseksemene vår 2021
- KU 24/21-2 Høring: Forskrift om endring i forskrift om utdanningsstøtte studieåret 2022 – 2023
- KU 24/21-3 Høring: Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2022

Utdanningsdirektøren orienterte også om følgende:

- Utdannings- og læringsmiljøprisen for 2021 ble tildelt studiekoordinatorene Hanne Elise Pollack og Kjersti Gjedrem av rektor Klaus Mohn og StOr-leder Eira Aas Eide på universitetets årsfest 29.10.2011.
- Webinarfestivalen 2021 arrangeres 24.11.2021, går på Zoom, og er åpen for alle interesserte. Webinarfestivalen er en heldigital nasjonal konferanse om læring og teknologi.
- Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) har en serie nettmøte-arrangementer de har gitt navnet «*Kvalitetstid*». Alle arrangementene har tilknytning til kvalitet i utdanningene, og kan være av interesse for begge utvalgene. Kvalitetstid-arrangementet 25.11.2011 heter «[Kvalitetstid: Digital omstilling i høyere utdanning](#)». Arrangementet legger fram funn fra rapporten *Digital tilstand 2021*, og gir oversikt over *Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren*, som utvalgene behandlet i [sak KU 18/21 i september](#).

Utdanningsdirektøren hadde også invitert Bjarte Hoem, som leder ECIU University-aktivitetene ved UiS, til å orientere om ECIU University ved UiS. ECIU University er tema for universitetets styreseminar i februar 2022. Prorektor for utdanning deltar på styremøte i Tampa, Finland i uke 46.

Bjarte Hoems presentasjon følger referatet som vedlegg.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering